



Jobbnorge-ID: 112118

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i åtferdsøkologi (3 år)

Ved Institutt for biologi (BIO) (<http://www.uib.no/bio>) er det ledig ei stilling som stipendiat i åtferdsøkologi, knytt til prosjektet «Adapted heuristics and architecture: towards an understanding of personalities and phenotypic diversity» finansiert av Forskningsrådet. Stillinga høyrer til i forskingsgruppa Teoretisk økologi (www.bio.uib.no/te) som også er ein del av Hjortsenteret for marin økosystemdynamikk (www.hjortcentre.no). Detaljar om prosjektet og stillinga ligg på <http://www.bio.uib.no/te/opportunities.php>.

Stipendperioden er 3 år. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det gjerast frådrag i tilsetjingsperioden.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Prosjektet studerer korleis dyr tek avgjersler frå eit evolusjonært og teoretisk perspektiv. Spesielt interessant er det at dyr ofte bruker enkle mekanismar for å ta kompliserte avgjersler, og korleis den same arkitekturen kan overførast frå ein situasjon til ein annan. Forskinga skal fokusere på adaptive effektar av denne arkitekturen på åtferda, genbassenget og for variasjon mellom individ i bestanden, inkludert personlegdomsvariasjon. Ideen bak prosjektet er utvikla for pelagisk fisk og skal i prosjektet vidareutviklast og nyttast i andre habitat og for andre typar dyr.

- Prosjektet sin arbeidsmetode er matematisk modellering som nyttast til å simulere evolusjon.
- Stipendiaten er forventa å ta ein aktiv rolle innanfor aktivitetane i forskingsgruppa.
- Prosjektet skjer i samarbeid med fagmiljø i Bristol, Santa Cruz og Berkeley. Det er ønskjeleg at stipendiaten har eit forskingsopphald i Bristol eller Berkeley.
- Stillinga er planlagt innretta mot emergens av strategiar og personlegdomstypar i samarbeid med Bristol.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Du må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i evolusjonær biologi, åtferdsbiologi, anvendt matematikk eller nærliggjande fagfelt som er relevante for stillinga, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Erfaring i matematisk modellering er ein føremon.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen.

Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga.

Vi kan tilby:

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønsssteg 50 i statens regulativ ved tilsetjing (kode 1017). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan du få ved å vende deg til professor Jarl Giske tlf.: +47 99205975, e-post: jarl.giske@uib.no.

Søknaden skal innehalde:

- eit brev på 1-2 sider som gjer ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjon for å søkje stillinga
- ein oversikt over søkjaren sin kompetanse og erfaring i matematisk modellering, åtferdsøkologi og evolusjonsbiologi
- namn og kontaktopplysningar til minst to referansar. Ein av desse kan vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- relevante attestar
- liste over eventuelle vitskaplege arbeid (publikasjonsliste)

- eventuelle publikasjonar

Du må laste opp attesterte omsetjingar av vitnemål, karakterutskrifter og annan dokumentasjon dersom dei ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk.

Søknader sendte på e-post til enkeltpersonar vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist: 15. juni 2015

Generell informasjon:

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Vi har difor som personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn, og likeeins personar med nedsett funksjonsevne. Vi oppmodar personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, vil søkjaren bli varsla om dette.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: